

Statsarkivet i Bergen  
Årstadveien 22  
5009 BERGEN

Vår ref.: (nyttast ved korrespondanse)      Dykker ref.:  
200206828-3/031/EGNY

Bergen, 12. juni 2003

## **Koordinerande institusjon for privatarkivarbeidet i Hordaland fylke**

Me viser til brev frå Riksarkivaren av 09.12.2002 og frå ABM-utvikling av 10.02.2003, og samtalar mellom statsarkivaren og fylkesarkivaren om etablering av fylkeskoordinerande organ for arbeidet med privatarkiv i Hordaland.

### Bakgrunn

Hordaland fylkesarkiv vart ”skipa som fast ordning” ved fylkestingsvedtak 10. desember 1992 frå 1993 (Fylkestingssak 86/92). Fylkesarkivet er eigen seksjon innan Kultur- og idrettsavdelinga. Arkivet har i dag fem faste stillingar: fylkesarkivar, førstearkivar, fotoarkivar, konsulent, sekretær.

Fylkesarkivet er tillagt følgjande arbeidsoppgåver:

- ha overordna ansvar for arkivdanning og arkivtilsyn i fylkeskommunen
- vera arkivdepot for fylkeskommunen
- sørge for at ikkje-offentleg arkivmateriale og anna immaterielt kjeldemateriale i fylket vert teke vare på anten av fylkesarkivet eller andre arkivinstitusjonar og samlingar i fylket
- driva lokalhistorisk rettleiing og vera samordnande instans for tiltak innan det immaterielle kulturvernombordet, jf. fylkestingssak 40/89
- vera fylkesansvarleg fotoverninstitusjon, jf. fylkesutvalssak 113/99

Når det gjeld privatarkiv har fylkesarkivet i hovudsak arbeidd på tre frontar:

- mottak av privatarkiv med offentleg tilknyting, jf. Lov om arkiv § 19
- mottak først og fremst av arkiv etter ikkje-offentlege fylkesomfemnande arkivskaparar, jf. intensjonsavtale mellom Statsarkivet i Bergen, Interkommunalt arkiv i Hordaland og Bergen Byarkiv/Stiftelsen Lokalhistorisk arkiv i Bergen og Hordaland fylkesarkiv av 20.11.1995
- rådgjeving for arkivskaparar og bevaringsinstitusjonar om privatarkiv inkludert fotomateriale

### Fylkeskoordinerande organ for arbeidet med privatarkiv

Riksarkivaren føreset at eit slikt organ skal:

- fungera som regionalt kompetansesenter i forhold til privatarkivarbeidet
- sjølv arbeida i samsvar med Riksarkivarens retningsliner
- hjelpe andre regionale og lokale depotinstitusjonar for privatarkiv med råd og rettleiing
- arbeida for at alle regionale depotinstitusjonar for privatarkiv:
  - definerer sin bevaringspolitikk
  - inngår formelle samarbeidsavtalar med andre relevante institusjonar i regionen
  - utviklar og samarbeider om regionale bevaringsplanar
  - rapporterer om bevarte privatarkiv til den nasjonale samkatalogen

Riksarkivaren finn det naturleg at i fylke der det er etablert fylkeskommunale arkivinstitusjonar, vert den koordinerande funksjonen lagt til slike institusjonar dersom fylkeskommunen ønskjer det. Riksarkivaren peikar på at det vil vera ”viktig å avklare om fylkeskommunen i prinsippet vil kunne støtte økonomisk det bevaringsarbeidet for privatarkiver som skjer innenfor det aktuelle fylket.”

Hordaland fylkesarkiv ønskjer å ta på seg å vera koordinerande institusjon for privatarkivarbeidet i Hordaland fylke

Hordaland fylkesarkiv har vore i kontakt både med Statsarkivet i Bergen og ABM-utvikling om organiseringa av privatarkivarbeidet i fylket. Fylkesarkivet ønskjer å ta på seg å vera koordinerande institusjon for privatarkivarbeidet i Hordaland fylke.

I samsvar med dette har institusjonen sagt seg interessert i å delta i det pilotprosjektet som ABM-utvikling vil setja i gang for å samla inn grunnlagsmateriale til ein statusrapport om bevarings- og formidlingssituasjonen for lokalt og regionalt kjedemateriale, jf. St.meld. nr. 22(1999-2000). Det er planlagt gjennomført pilotprosjekt i tre fylke hausten 2003: Hordaland, Møre og Romsdal og Vestfold. Hordaland fylkesarkiv vil i eigeninnsats yta eitt månadsverk i dette kartleggingsprosjektet.

Hordaland fylkeskommune har dei siste femten åra teke eit medansvar for privatarkivarbeid i fylket: først og fremst ved det arbeidet fylkesarkivet har utført, men også ved mindre løyvingar til ulike tiltak slik som Lokalhistorisk arkiv i Bergen. Hordaland fylkeskommune er villig til framleis å ha eit slikt medansvar. Ei opptrapping av innsatsen vil verta vurdert i samband med årsbudsjett og økonomiplan.

Med venleg helsing

Egil Nysæter  
Fylkesarkivar